



# ÅLESUND KOMMUNE

## ORDENS – OG TRIVSELSREGLAR FOR BLINDHEIM BARNESKOLE OG SFO 2017-2018

**Ordens- og trivselsreglane gjeld for alle aktivitetar i skolen sin regi uavhengig av stad. Gjeld og for skolevegen. Kvart årstrinn lagar i tillegg eigne trinnreglar. Sanksjonane for ordensreglane, gjeld og for trinnreglane.**

### OMSORG GJER OSS TRYGGE

- Alle har rett til å føle seg trygge på skolen og på skolevegen.
- Vi viser kvarandre respekt, omsorg og er høflege mot kvarandre.
- Vi skal ikkje mobbe eller plage kvarandre.
- Vi stengjer ingen ute, og alle får delta i leiken.

*Læring og trivsel hånd i hånd  
Samarbeid og glede  
gir kreativ ånd*

### FIN FRAMFERD GJER SKOLEN TIL EIN TRIVELEG STAD Å VERE

- Vi er alle ansvarlege for trivsel og arbeidsro på skolen.
- Vi oppfører oss slik at ingen blir forstyrra når vi skal lære.
- Vi må passe på og kome tidsnok inn til undervisning og arbeidsøker.
- Vi samarbeider om å halde orden på skolen og ute på skoleområdet.
- Vi må ta godt vare på skolen og utstyr som høyrer skolen til.
- Vi let andre sine eigendelar vere i fred, og vi øydelegg ikkje noko som andre eig.
- Vi respekterer og følgjer dei reglane som gjeld for trinnet vårt, og for bruk av uteområdet.

*Vennskap er viktig  
Mobbing ikke riktig*

### TRYGGLEIK PÅ SKOLEVEGEN OG UTE I FRIMINUTTA

- I følgje Opplæringslova er det foreldra som avgjer om elevane kan sykle til skolen. Foreldra er ansvarleg for at elevane bruker nødvendig sikringsutstyr (hjelme, lykt, og liknande), og at sykkelen i forskriftsmessig stand. Dette gjeld óg for sparkesyklar. Skolen følgjer råda til Trygg Trafikk om at alle skal bruke hjelme ved sykling, og at ein ikkje sykklar til skolen før frå 5.klasse. Skolen/ Ålesund kommune er ikkje ansvarleg ut

over det som blir dekt av forsikringa dersom elevane syklar i strid med skolen si tilråding.

- I friminutta er vi ute og leikar.
- Vi leikar berre innafor skolen sitt område, og følgjer dei reglane som gjeld for bruk av uteområdet.
- Vi tek kontakt med ein vaksen når det oppstår konflikhtar.

## SIKKER BRUK AV ELEKTRONISK UTSTYR OG ANDRE GJENSTANDER

- Mobiltelefonar skal normalt vere slått av og ligge i sekken i skoletida.
- Ved bruk av internett, følgjer vi skulen sine nettvettreglar.
- Vi tek ikkje med gjenstandar som ein kan skade seg sjølv og andre med.
- Tobakk og rusmidler er ikke lov å ha med til skolen eller bruke på skolen eller skolens område

## BROT PÅ ORDENS-TRIVSELSREGLANE

*Før det blir teke avgjerd om sanksjonar på grunn av brot på ordensreglane, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda. Aktuelle tiltak som kan nyttast ved brot på ordens-/trivselsreglane er:*

- Munnleg korrigering frå ein av skolen sitt personale.
- Munnleg eller skriftleg melding til heimen.
- Overføring frå klassa/gruppa for ein del av timen/dagen og til annan aktivitet eller gruppe.
- Ein kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen. Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Foreldra skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.
- Etter «Lov om skadeerstatning» er foreldre/føresette erstatningspliktige for inntil kr 5000,-.
- Eleven kan bli pålagt å rette opp skadar dei har påført skolen sin eigedom eller eigedeler.
- Tapte og øydelagde bøker må erstattast. Nye bøker erstattast fullt ut - andre bøker med halvparten av nypris.
- Gjenstandar som ikkje er lov å ha med, eller som blir brukt på ein ureglementert måte, blir inndradd og oppbevart til foreldra hentar dei.
- Skolen er ikkje erstatningsansvarleg ved skade eller tap på private gjenstandar som blir teke med til skolen.

- Det kan dessutan nyttast følgjande tiltak: Attsitjing, utestenging frå ekskursjon, skoleturar, leirskoleopphald o.l. Foreldra/føresette skal varslast på førehand.
- I situasjonar der tryggleiken for andre elevar og personale blir trua på ein slik måte at det vil vere uforsvarleg i høve til det ansvar som kommunen har som skoleeigar og arbeidsgivar, kan elevar påleggast skolegang utanom skolens lokale. Pålegget vil kunne gjelde til skolen, i samarbeid med andre faginstansar, har funne løysingar i høve til å avklare situasjonen.
- Ved slike høve skal rektor drøfte saka med kommunalsjefen eller den han/ho gir myndigheit til dette. Før det blir fatta vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpetiltak eller sanksjonar som ordensreglementet gir løyve til.

Blindheim, 06.08.18  
Kenneth G. Skårn  
Rektor

***VI KAN - VI VIL – VI FÅR DET TIL***